

Til: MN- fakultetsstyret

**Sakstype:** Vedtakssak  
**Saksnr.:** 19/20  
**Møtedato:** 22. juni 2020  
**Notatdato:** 8. juni 2020  
**Sakshandsamar:** Frode Bremnes

### Sak: Godkjenning av regnskap pr. 30.04.2020.


**Tidlegare vedtak:** Det er ingen tidlegare vedtak i saka.

**Formål:** Saka er å fastsette regnskapet for Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet (MN) pr. 30.04.2020.

Dei totale inntektene i fyrste tertial av 2020 er 671 millionar kroner, inntekter frå Kunnskapsdepartementet (KD) utgjer 410 millionar kroner og 261 millionar kroner er inntekter frå ekstern finansiering. Det er totalt sett ei flat realutvikling samanlikna med perioden 2016-2019. KD inntektene går reelt nedover medan inntekter frå ekstern finansiering har ei motsett utvikling. Hovudårsakene til reduserte inntekter er kutt frå KD og UiO, desse utgjer nær 7 % av tildelinga for 2020.

MN har eit underskot på 30 millionar kroner i fyrste tertial 2020 og eit akkumulert overskot på 320 millionar kroner. Resultatet er 35 millionar kroner betre enn venta i budsjettet og dette skuldast at inntekter frå Forskringsrådet kom tidlegare enn venta. Bevillingsøkonomien (basis) har i fyrste tertial 2020 eit underskot på 56 millionar kroner og eit akkumulert overskot på 174 millionar kroner. Ekstern finansiert verksemd (EFV) har eit akkumulert overskot på 147 millionar kroner etter eit overskot på 25 millionar kroner i fyrste tertial 2020.

Den økonomiske situasjon per 1T-2020 ser ikkje ut til å vere påverka av COVID-19 situasjonen.



Figur 1. Utvikling i akkumulert resultat pr. 30.04. for årene 2016-2020.

**Vedtaksforslag:** Fakultetsstyret godkjenner regnskapet for MN pr. 30.04.2020, jamfør vedlegg 1.

#### Vedlegg:

1. Resultatregnskap pr. 30.04.2020 med samanlikning for 2018 og 2019, og prognoser for 2020 – 2024.
2. Grafisk fremstilling av institutta sin total- og basisøkonomi pr. 30.04. for årene 2016 - 2024.

## 1. Økonomisk status og utvikling

### 1.1. Talgrunnlag

Resultat totaløkonomi	Regnskap 1T-18	Regnskap 1T-19	Regnskap 1T-20
KD inntekt	427	419	410
Ekstern finansiering	258	220	261
<b>Inntekter totalt</b>	<b>685</b>	<b>639</b>	<b>671</b>
Personalkostnader	445	473	488
Investeringer	32	23	23
Andre driftskostnader	168	189	190
<b>Kostnader totalt</b>	<b>645</b>	<b>685</b>	<b>701</b>
<b>Årsresultat</b>	<b>40</b>	<b>-46</b>	<b>-30</b>
Overført fra fjoråret	392	418	351
<b>Akkumulert resultat</b>	<b>432</b>	<b>372</b>	<b>321</b>

Figur 2. Resultat totaløkonomi pr. 30.04. for perioden 2018 – 2020. Tal i millionar kroner. Positive tall er overskot.

Vedlegg nr. 1 viser fleire detaljer i regnskapet.

### 1.2. Totaløkonomi og bevillingsfinansiert økonomi

MN har eit underskot på 30 millionar kroner pr. 30.4.2020, av dette har basis eit underskot på 56 millionar kroner, medan EFV har eit overskot på 25 millionar kroner. Totalt for verksemda er akkumulert saldo 320 millionar kroner, 52 millionar kroner lågare enn på same tidspunkt i fjor. Saldoen er delt mellom 174 millionar kroner på basis og 147 millionar kroner i eksternt finansiert del.

Årsverksutviklinga i perioden 2017-2019 er flat, frå 1 637 årsverk i 2017 til 1 621 årsverk i 2019. Årsverka er fordelt med ca 1 200 årsverk i basis og i overkant av 400 årsverk i eksternt finansiert del. Det er venta ei moderat auke i årsverk komande år, både for basis og eksternt finansiert del. Det er Institutt for informatikk som står for vesentlege deler av veksten og dette er tiltak for å kunne handtere vekst i utdanning og forskning.

Det er venta at utviklinga med relativt stor auke i personalkostnader, og samtidig ei flat utvikling i inntektene, vil fortsetje i prognoseperioden 2020-2024.

Fakultetet har eit godt handlingsrom på kort sikt, men om tilsettingsplanane vert gjennomført, vil fakultetet kome i ein vanskelig økonomisk situasjon i komande 5-års periode. Det er sannsynlig at dei fleste av institutta må gjere tiltak som inkluderer årsverk for å vere økonomiske levedyktige over tid.


#### Resultat

Underskotet i tertialet er ein del av eit skifte i økonomien der fakultetet set meir midlar i aktivitet. Inntektene frå KD har stagnert, medan inntekter frå Forskingsrådet og EU har hatt ei flat utvikling. Personalkostnader aukar relativt kraftig. På basis var det budsjettert med eit underskot på 39 millionar kroner for fyrste tertial medan resultatet viser eit underskot på 56 millionar kroner. Dette skuldast hovudsakleg at personalkostnader kom tidlegare enn venta samt at inntekt frå avslutning av prosjekt skjer seinare enn venta.

Den akkumulerte saldoen for basis er 174 millionar kroner per 1T-2020 og av dette er 76 millionar kroner øyremarka midlar. Prognose er ikkje vesentleg endra sia årsrapporteringa og viser årlege underskot i langtidspanoden. Prognose ved slutten av 2024 viser eit akkumulert overskot på 23 millionar kroner. Det er 0,2 % av årleg tildeling og under eit anbefalt nivå for fakultetet.

Bildet under viser at for basis i 2015 var KD-inntekta nok til å dekke nær alle kostnader og nettobidraget ga overskot. I perioden 2019-2023 er kostnadane høgre enn inntektene. Veksten i løn er høgre enn kompensasjonen i KD-inntekt. Sjølv med same tal årsverk vil dette ikkje vere levedyktig over tid. Det er ikkje venta ein vesentleg auke i aktiviteten i eksternt finansierte del som gjennom nettobidrag kan dekke årlege

underskot. (Scenario: framskriving av aktivitetsnivå for 2019, inntektsvekst på 2 %, 2,5 % vekst i bidrag og kostnader samt 3 % lønnsvekst.)



### 1.3. Eksternt finansiert økonomi

#### Inntekter

Fakultetet har per 30.04.2020 i alt 740 aktive prosjekt og dette er det same som gjennomsnittet per 1T dei siste 4 åra. Det er nedgang i talet på prosjekt finansiert frå Forskingsrådet, ein svak nedgang i EU-prosjekt og ei viss auke i øvrige prosjekt.

Inntektene frå *Forskingsrådet* er 185 millionar kroner i 1T-20 og dette er 20 millionar kroner meir enn tilsvarande periode for 2018 og 2019. Det er venta at nivået på inntektene vil vere 10 % høgare i langtidsperioden, frå eit årleg gjennomsnitt på 425 millionar kroner i 2018 og 2019 til 470 millionar kroner i perioden 2020-2024.

Det er postert 20 millionar kroner i inntekt frå *EU* i 1T-20, det er same nivå som for 1T i 2018 og 2019. Prognose for EU-inntektene er auka frå førre leveranse mellom anna fordi Senter for materialvitenskap og nanoteknologi (SMN) og fakultetet har fått nye prosjekt med tilsaman 50 millionar kroner i inntekt. Årlege inntekter i langtidsperioden er 80 millionar kroner og dette er ein auke på 6 millionar kroner. Dette er ei gledeleg utvikling fordi EU-inntektene ikkje har auka i perioden 2013-2019.

Inntektene frå oppdragsforskning er 25 millionar kroner i 1T-20, det er omlag same nivå som for tilsvarande periode i 2019. I langtidsperioden er det no venta ei årleg inntekt på 115 millionar kroner, dette er ei auke på 30 millionar kroner i forhold til prognose på same tid i 2018.

### 2. Institutt - økonomisk status og utvikling.

I vedlegg 2 er det ei grafisk oversikt over institutta sine akkumulerte total- og basisresultat pr. 30.04. for åra 2017-2020 og prognoser for 2020-2024.

Den totale saldoen for instituttene er redusert med 100 millionar kroner frå 1T-18 til 1T-20, og av dette er 40 millionar kroner reduksjon i saldo på basis. Alle institutt med unntak av Institutt for teoretisk astrofysikk og Fysisk institutt har positiv saldo totalt per 1T-20.

Den økonomiske situasjonen for instituttene er veldig ulik. Mange av institutta har store handlingsrom på basis målt i forhold til storleiken. Felles for instituttene er forventningar om vesentleg reduksjon av saldo på basis i langtidsperioden. Hovudårsaka til dette er sterk lønnsvekst og manglande kompensasjon i KD inntekta. Det er venta at 5 av 9 institutt vil kome i akkumulert underskot i løpet av dei neste 2 åra, ei utvikling som vert forsterka utover i perioden. Det er venta at basissaldo for institutta på 152 millionar kroner per 1T-20 vert redusert til 5 millionar kroner ved utgangen av år 2022.

Dette viser at dagens kostnadsnivå for dei fleste av instituttene våre ikkje er berekraftige over tid med ei flat utvikling av inntektsnivået. Den klart største kostnaden er personalkostnader, og det er normalt eit langsiktig arbeid å endre denne kostnaden. I det kortsiktige bildet vil gjennomgang av drift- og investeringskostnader samt fokus på å ta ut optimalt bidrag frå eksternt finansierte prosjekt vere viktig.

Fakultetsnivået har lånt 48 millionar kroner per 1T-20, ei auke på 10 millionar kroner frå årsslutt 2019. Det er venta ei ytterlegare auke i lånet ved utgangen av 2020. Det er foreløpig ikkje lagt inn tilbakebetaling av dette lånet frå instituttene.

### 3. Utfordringar og usikkerhet for fakultetet si økonomiske utvikling.

- Dei strategiske satsingane til UiO styret og årlege auke i effektiviseringskutt gjev reduserte tildelingar til fakultetet. Desse varige kuttene starta i 2016 og har auka kvart år. For MN gjev dette i 2020 ein reduksjon i tildeling på 82 millionar kroner, omlag 7 % av tildelinga.
- Fakultetet har ikkje med dagens inntektsnivå over tid rom til å finansiere planlagde årsverk. Justering av årsverk kan igjen føre til redusert aktivitetsnivå og/eller stille store krav til kostnadseffektivitet.
- Fakultetets si største utfordring er vedlikehald og opprusting av bygningsmassen. Det er vesentleg usikkerhet til kva økonomiske konsekvensar nytt Livsvitskapsbygg vil ha med omsyn til inventar, utstyr, ressursar og husleige.

### 4. COVID-19 situasjonen, økonomiske konsekvensar.

Det er foreløpig ikkje grunnlag for å hevde at pandemien har påført fakultetet vesentlege tap. Faktorar som tapt arbeidstid, redusert studieprogresjon, auka fråfall av studentar kan gje lågare inntekter. På den andre sida har fakultetet lågare kostnader til drift samt fått nye prosjekt som kan dekke opp for lågare inntekter. Fakultetet er eksponert i form av handel/finansiering i utanlandsk valuta.

### 5. Regnskapsprinsipp og uttrykk.

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultets (MN) regnskap utgjør ein del av UiO sitt regnskap, og er i tråd med interne retningslinjer på UiO. Internregnskapet for MN er resultatregnskapet med tillegg av balanseelementet *overført saldo*.

Regnskapsprinsipp betyr mykje for MN-regnskapet (prinsipp og konsekvensar av dette er kommentert til slutt i dokumentet):

- a) Eksternt finansierte prosjekt vert regnskapsført etter fullkostprinsippet.<sup>i</sup>
- b) Det er ulike prinsipp for bokføring av inntekter og kostnader. Det er kontantprinsippet for bokføring av inntekter, og transaksjonsprinsippet (periodisering) ved bokføring av kostnader. Det grunnleggande prinsippet om samanstilling vert ikkje nytta i internregnskapet.<sup>ii</sup>
- c) Anleggsmiddel vert bokført som løpande kostnader. Avskrivningar vert synleggjort, men regnskapsført utan resultateffekt.
- d) Ingen balanse.<sup>iii</sup>

Den økonomiske rapporteringa frå MN til UiO er inndelt etter finansiering, bevillingsfinansierte økonomi og eksternt finansierte økonomi. **Bevillingsfinansierte økonomi** (basis) er i hovudsak løyving frå KD og tilhøyrande kostnader. Midlar frå UiO/KD til øyremerka aktivitet vert omtalt som bundne midlar. Akkumulert resultat med fråtrekk av bundne midlar gjev uttrykk for midlar til fri disponering eller handlingsrom. **Eksternt finansierte økonomi** (EFV/prosjektøkonomien) er den delen av verksemda som vert finansierte av Forskringsrådet (NFR), EU

og andre eksterne finansører. Aktiviteten for begge overlappar på flere områder. Totaløkonomien er summen av basis- og prosjektøkonomien.

---

<sup>i</sup> Fullkostprinsippet betyr at prosjekt skal regnskapsføres med alle relevante inntekter og kostnader. Kravet er at direkte og indirekte kostnader samt UiO sin egenandel skal synleggjerast, uavhengig av finansieringskjelde. UiO legg inn fleire element som gjer at nytten vert avgrensa. Mellom anna kan regnskap for prosjekt og basis vise feil resultat ved regnskapsavslutning. Prosjektregnskapet har ikkje direkte samanheng med framdrift i prosjektet.

<sup>ii</sup> Ulike prinsipp for bokføring av inntekter og kostnader betyr mangelfull samanstilling av inntekter og kostnader for same periode, og økonomisk måling av utvikling og resultat er ikkje mogleg.

<sup>iii</sup> MN har årlege inntekter på ca. 1,9 milliardar kroner, og komplekse økonomiske strukturer med mellom anna forskingssenter delt mellom fleire institutt. Balansedelen av regnskapet manglar i forhold til vurdering og styring av økonomien. Det betyr utfordringar med omsyn til oppfølging av mellomværande, periodiseringar og samanstilling av kostnader og inntekter. MN har etter eige initiativ ein oversikt på utsett aktivitet på basis (bundne midlar).

<sup>iv</sup> Nettobidraget frå prosjekt til basis. Bidraget er summen av frikjøp, overhead, leiested som eksterne finansører dekker. Frikjøp gjeld UiO tilsette si arbeidstid i prosjekt. Overhead er kostnader i prosjektet som ikkje er ein direkte kostnad (administrasjon, husleige, straum, infrastruktur mm). Leiested er kostnader for bruk av laboratorium og teknisk infrastruktur. I tillegg kjem resultatet ved avslutning av prosjekt. I bidragsprosjekt stiller ein til rådvelde eigeninnsats. Den internfinansierte innsatsen er fast tilsette (frikjøp), overhead og leiested.

# Vedlegg 1


Enhet: MN	Regnskap		Budsjett	Regnskap	Avvik	Årsbud	Prognoser				
1. Totalt	1T-2018	1T-2019	1T-2020			2020	2020	2021	2022	2023	2024
<i>Inntekter</i>											
Bevilgning fra KD	- 417 902	- 407 953	- 403 618	- 403 719	- 101	- 1 172 830	- 1 174 989	- 1 184 427	- 1 186 875	- 1 189 420	- 1 190 377
Tilskudd fra NFR	- 172 952	- 152 629	- 139 359	- 184 501	- 45 142	- 458 443	- 466 509	- 482 665	- 486 572	- 464 970	- 455 180
Tilskudd fra EU	- 26 493	- 16 295	- 10 852	- 19 841	- 8 989	- 66 054	- 79 520	- 77 178	- 66 035	- 85 432	- 90 779
Tilskudd fra andre	- 44 468	- 44 509	- 62 532	- 53 123	9 409	- 219 492	- 260 461	- 263 413	- 265 138	- 244 416	- 243 297
Andre inntekter	- 24 035	- 17 269	- 16 056	- 9 746	6 310	- 60 563	- 60 540	- 58 123	- 54 180	- 51 997	- 56 692
Sum inntekter	- 685 850	- 638 655	- 632 417	- 670 930	- 38 513	- 1 977 382	- 2 042 019	- 2 065 807	- 2 058 801	- 2 036 234	- 2 036 325
<i>Kostnader</i>											
Personalkostnader	445 093	473 001	479 226	488 213	8 986	1 400 303	1 396 923	1 437 662	1 463 676	1 452 768	1 431 555
Internhusleie	69 300	72 006	73 668	73 990	322	219 569	220 585	220 458	220 458	220 458	220 458
Investeringer	31 696	23 494	21 737	22 548	811	84 433	93 702	88 758	81 650	87 301	84 841
Andre driftskostnader	97 575	116 122	112 732	117 610	4 879	364 331	380 294	358 105	356 528	351 261	337 873
Sum kostnader	643 665	684 623	687 363	702 361	14 997	2 068 635	2 091 505	2 104 983	2 122 311	2 111 788	2 074 727
Årets resultat før prosjektbidrag	- 42 185	45 968	54 946	31 430	- 23 516	91 253	49 486	39 176	63 510	75 554	38 402
Nettobidrag prosjekter	1 237	524	10 141	- 1 092	- 11 232	5 926	5 369	4 252	4 954	1 567	- 185
Årets resultat	- 40 948	46 492	65 087	30 339	- 34 748	97 179	54 855	43 427	68 465	77 121	38 216
Overført saldo fra i fjor	- 391 915	- 418 136	- 350 782	- 350 776	6	- 350 776	- 350 776	- 295 922	- 252 494	- 184 030	- 106 909
Akkumulert resultat	- 432 863	- 371 644	- 285 695	- 320 438	- 34 743	- 253 597	- 295 922	- 252 494	- 184 030	- 106 909	- 68 693

Enhet: MN	Regnskap		Budsjett	Regnskap	Avvik	Årsbud	Prognoser				
2. Basis	1T-2018	1T-2019	1T-2020			2020	2020	2021	2022	2023	2024
<i>Inntekter</i>											
Bevilgning fra KD	- 417 902	- 407 932	- 404 532	- 403 719	812	- 1 175 752	- 1 175 339	- 1 184 427	- 1 186 875	- 1 189 420	- 1 190 377
Tilskudd fra NFR	- 382	- 2 055		1 406	1 406		1 963				
Tilskudd fra andre	70	592	- 1 429	- 808	621	- 4 288	- 3 138	- 3 138	- 3 138	- 3 138	- 3 138
Andre inntekter	- 9 961	- 11 116	- 16 257	- 6 559	9 698	- 50 343	- 38 897	- 51 369	- 49 901	- 49 110	- 48 899
Sum inntekter	- 428 175	- 420 510	- 422 218	- 409 681	12 537	- 1 230 382	- 1 215 411	- 1 238 933	- 1 239 914	- 1 241 667	- 1 242 413
<i>Kostnader</i>											
Personalkostnader	331 214	364 541	371 546	383 784	12 237	1 060 797	1 060 648	1 076 587	1 071 897	1 064 666	1 061 276
Internhusleie	69 277	72 006	73 668	73 990	322	219 569	220 585	220 458	220 458	220 458	220 458
Investeringer	16 054	20 025	21 287	12 716	- 8 571	82 933	81 986	81 163	76 472	77 201	74 741
Andre driftskostnader	49 247	67 795	57 481	61 567	4 085	159 281	155 005	145 121	143 508	143 834	137 583
Sum kostnader	465 792	524 368	523 983	532 056	8 073	1 522 579	1 518 224	1 523 329	1 512 335	1 506 160	1 494 057
Årets resultat før prosjektbidrag	37 617	103 858	101 765	122 375	20 610	292 197	302 813	284 395	272 422	264 492	251 644
Nettobidrag prosjekter	- 60 468	- 61 664	- 62 707	- 66 739	- 4 032	- 228 542	- 247 400	- 261 481	- 229 911	- 223 220	- 214 164
Årets resultat	- 22 851	42 193	39 058	55 635	16 578	63 655	55 413	22 915	49 510	41 273	37 481
Overført saldo fra i fjor	- 249 008	- 281 464	- 229 240	- 229 240		- 229 240	- 229 240	- 173 827	- 150 912	- 101 402	- 60 129
Akkumulert resultat	- 271 859	- 239 270	- 190 182	- 173 604	16 578	- 165 585	- 173 827	- 150 912	- 101 402	- 60 129	- 22 649

Enhet: MN	Regnskap		Budsjett	Regnskap	Avvik	Årsbud	Prognoser				
3. EFV	1T-2018	1T-2019	1T-2020			2020	2020	2021	2022	2023	2024
<i>Inntekter</i>											
Bevilgning fra KD		- 22	914		- 914	2 922	350				
Tilskudd fra NFR	- 172 570	- 150 574	- 139 359	- 185 906	- 46 547	- 458 443	- 468 472	- 482 665	- 486 572	- 464 970	- 455 180
Tilskudd fra EU	- 26 493	- 16 295	- 10 852	- 19 841	- 8 989	- 66 054	- 79 520	- 77 178	- 66 035	- 85 432	- 90 779
Tilskudd fra andre	- 44 538	- 45 101	- 61 103	- 52 315	8 788	- 215 204	- 257 324	- 260 276	- 262 000	- 241 278	- 240 160
Andre inntekter	- 14 074	- 6 154	202	- 3 187	- 3 388	- 10 221	- 21 642	- 6 754	- 4 280	- 2 887	- 7 794
Sum inntekter	- 257 676	- 218 145	- 210 199	- 261 249	- 51 050	- 747 000	- 826 608	- 826 874	- 818 887	- 794 567	- 793 912
<i>Kostnader</i>											
Personalkostnader	113 880	108 460	107 680	104 429	- 3 251	339 506	336 275	361 075	391 779	388 102	370 279
Internhusleie	23										
Investeringer	15 642	3 469	450	9 832	9 382	1 500	11 717	7 595	5 178	10 100	10 100
Andre driftskostnader	48 328	48 327	55 250	56 043	793	205 050	225 289	212 984	213 019	207 426	200 290
Sum kostnader	177 873	160 256	163 381	170 305	6 924	546 056	573 281	581 654	609 976	605 628	580 669
Årets resultat før prosjektb	- 79 802	- 57 890	- 46 818	- 90 944	- 44 126	- 200 944	- 253 327	- 245 220	- 208 911	- 188 939	- 213 243
Nettobidrag prosjekter	61 705	62 188	72 847	65 648	- 7 200	234 468	252 769	265 732	227 866	224 786	213 978
Årets resultat	- 18 097	4 299	26 029	- 25 297	- 51 326	33 524	- 558	20 512	18 954	35 848	735
Overført saldo fra i fjor	- 142 907	- 136 673	- 121 542	- 121 537	6	- 121 537	- 121 537	- 122 095	- 101 582	- 82 628	- 46 780
Akkumulert resultat	- 161 004	- 132 374	- 95 513	- 146 833	- 51 320	- 88 012	- 122 095	- 101 582	- 82 628	- 46 780	- 46 044

## Totaløkonomi institutt - akkumulert resultat

Regnskap 1T 2017-2020 og årsprognoser 2020-2024, mkr



## Basisøkonomi institutt - akkumulert resultat

Regnskap 1T 2017-2020 og årsprognoser 2020-2024, mkr

